



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	29.02.2016	16/16
Kommunestyret	07.03.2016	21/16

Saksansvarleg: Åse Egeland

Arkiv: K1 - 230

Arkivsaknr.: 16/960

Nytt inntektssystem for kommunane - høyringsuttale frå Bø kommune

Rådmannen tilrår:

1. Det vert vist til rådmannens saksutgreiing som er ein del av høyringsuttala frå Bø kommune.
2. Bø kommune legg til grunn at framlegg til nye kostnadsnøklar fangar opp dei forholda som forklarar dei ufrivillige kostnadsskilnadane i kommunane knytt til levering av velferdstenester.
3. Bø kommune prioriterar å legge til rette for næringsutvikling og vekst, fordi dette har stor betydning for velferden til innbyggjarane. Innføring av selskapsskatt som ein kommunal inntekt frå 1.1.2017 bør ikkje gjennomførast, da den favoriserar dei skattesterke kommunane for mye og forsterkar skilnadene mellom kommunane.
4. Bruk av utdanningsnivå i kostnadsnøkkelen for barnehage bør framleis nyttast, da denne er mest treffsikker.
5. Det bør arbeidast vidare med strukturkriteriet slik at det ikkje gjev utilsikta verknadar i samband med kommunesamanslåing og for store omfordelingar der særleg dei mellomstore kommunane (10-20 000 innbyggjarar) kommer dårleg ut.

29.02.2016 Formannskapet

Behandling:

Samrøystes, med endring i pkt 5 og nytt pkt 6:

5. Det bør arbeidast vidare med strukturkriteriet slik at det ikkje gjev utilsikta verknadar i samband med kommunesamanslåing.
6. Det er store omfordelingar der særleg dei mellomstore kommunane (10-20 000 innbyggjarar) kommer dårleg ut.

F- 16/16Vedtak:

Tilråding:

1. Det vert vist til rådmannens saksutgreiing som er ein del av høyringsuttala frå Bø kommune.
2. Bø kommune legg til grunn at framlegg til nye kostnadsnøklar fangar opp dei forholda som forklarar dei ufrivillige kostnadsskilnadane i kommunane knytt til levering av

velferdstenester.

3. Bø kommune prioriterar å legge til rette for næringsutvikling og vekst, fordi dette har stor betydning for velferden til innbyggjarane. Innføring av selskapsskatt som ein kommunal inntekt frå 1.1.2017 bør ikkje gjennomførast, da den favoriserar dei skattesterke kommunane for mye og forsterkar skilnadene mellom kommunane.
4. Bruk av utdanningsnivå i kostnadsnøkkelen for barnehage bør framleis nyttast, da denne er mest treffsikker.
5. Det bør arbeidast vidare med strukturkriteriet slik at det ikkje gjev utilsikta verknadar i samband med kommunesamanslåing.
6. Det er store omfordelingar der særleg dei mellomstore kommunane (10-20 000 innbyggjarar) kommer dårleg ut.

Bakgrunn for saka:

Regjeringa sitt varsla framlegg til nytt inntektssystem for kommunane vart sendt på høyring 17. desember 2015. Høyringsfristen er 1. mars 2016. Inntektssystemet er avgjerande for kommunane sin økonomi, framlegga er difor omfatta av stor interesse – ikkje minst i høve til kommunereforma. Nytt inntektssystem skal vedtakast i juni 2016 og gjerast gjeldande frå 2017.

Saksomtale:

Kommunesektoren vert i hovudsak finansiert gjennom frie inntekter, dvs. rammetilskot og skatt på inntekt og formue. For Bø kommune utgjør det 3/4 av samla inntekter i 2016 budsjettet. Systemendring kan dermed gi betydelege utslag på kommunens økonomiske handlefridom. Det er skilnadar mellom kommunane på grunn av ulikt kostnadsnivå ved å tilby tenester og ved at skattegrunlaget er ulikt. Målet med inntektssystemet er m.a. å jamne ut desse skilnadane, slik at alle kommunar vert sett i stand til å tilby gode og likeverdige tenester til innbyggjarane sine. I tillegg er det regionalpolitiske element, der politiske mål om å styrke distrikt med næringsutfordringar blir vektlagt.

Gjennom utgiftsutjamninga er det i prinsippet full utjamning av skilnadar i ufrivillige kostnadar, medan det gjennom skatteutjamninga er delvis utjamning av skatteinntektene. Eit sentralt spørsmål som vert drøfta i høyringsnotatet er i kva grad kommunar skal kompenseras fullt ut for smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon.

Storleiken på, og utforminga av dei regionalpolitiske tilskota er politisk grunngjeve. Det same gjeld gjeld fastsetjing av skattens andel av samla inntekter og graden av inntektsutjamning mellom kommunane.

I høyringsframlegget frå KMD vert m.a følgjande presentert:

- framlegg til nye kostnadsnøklar for kommunane, inkludert ein ny modell der det vert skilt mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper
- endringar i dei regionalpolitiske tilskota
- omtale av skatteelementa i inntektssystemet

Kommunar som slår seg saman får behalde basistilskot og eventuelle regionalpolitiske tilskot som dei misser som følgje av samanslåinga i 15 år før tilskotet vert trappa ned over 5 år. I tillegg får dei reformstøtte og dekking av eingongskostnader ved samanslåinga.

Det er ikkje framlegg om endringar i verken skatteandel eller inntektsutjevninga. Generelt er det for ein skattesvak kommune som Bø, gunstig med låg skatteandel, da det kompenseras med

auka rammetilskot. Også ein eventuel auka prosentsats på inntektsutjamninga, vil slå positivt ut for oss. Jamfør utrekningar frå KS i 2014, vil ny modell for tilbakeføring av selskapskatten vil slå negativt ut for Bø kommune.

Fakta:

Høyringsdokumenta frå KMD ligg på www.regjeringen.no/2467858.

KS, Regionalt økonomiforum i BTV (RØF)/Rådmannsutvalet i Telemark og Telemarkforskning har gjort utrekningar/vurderingar som underlag for kommunanes høyringsuttaler. Det er ei verbal framstilling og ein tabellarisk presentasjon for kommunane i BTV. Desse 2 notata er vedlagt saka.

Konsekvensar på landsbasis

Samla sett vert det omfordelt 1,7 mrd. kr knytt til endring i kostnadsnøklar og innføring av nytt strukturkriterium med grenseverdi på 25,4 km. Vert grenseverdien lågare (16,5 el. 13,3 km) blir omfordelingsverknadane ca. 1,3 mrd. kr.

Det er dei store kommunane – over 25 000 innbyggjarar som vil vinne på omleggingane. Når det gjeld dei regionalpolitiske tilskota er det ikkje kome konkrete framlegg om satsar, men det vert sagt at meir av desse tilskota skal fordelast etter innbyggjartal. Dette favoriserer også dei store kommunane.

Konsekvensar for Telemark

Telemark vil samla sett tape over 40 mill. kr. pr. år på omlegging av inntektssystemet. Dersom grenseverdien for strukturkriteriet blir sett lågare (16,5 km eller 13,3 km) blir tapet ca. 32 mill. kr. samla for Telemark. Det er dei største kommunane (Skien og Porsgrunn) som vil vinne på endringane.

Konsekvensar for Bø

Berekningar som KS har gjort viser, at for 2016, vil Bø kommune få om lag 1,5 mill kr meir i rammetilskot med dei nye kostnadsnøkklane samanlikna med dagens kostnadsnøkkel. Innføring av nytt strukturkriterium gir Bø kommune eit årleg tap på 8,5 - 7.4 mill kr, avhengig av reiseavtand. Netto verknad for Bø kommune er dermed reduserte inntekt på 6 - 7 mill kr.

Bø kommune er ikkje innafor målgruppa for dei regionalpolitiske tilskotta (småkommune-/distriktstilskott) i dag, slik at dei foreslåtte endringane her, får ikkje konsekvensar for oss.

Vurdering

Om strukturkriteriet

Strukturkriteriet måler gjennomsnittleg reiseavstand mellom grunnkretsene for å nå ei befolkning på 5 000 innbyggjarar. Dersom føremålet er å måle avstandsulempene med ei kommunesamanslåing, er ikkje reiseavstand innanfor i eksisterande kommune relevant. Det som er relevant er avstanden mellom befolkningstyngdepunktet i eigen kommune i forhold til befolkningstyngdepunkta i nabokommunane.

Bø kommunes verdi på strukturkriteriet (gjennomsnittlig reiseavstand for å nå 5 000 innbyggere) er 4,5 km. Til samanlikning har nabokommunane Sauherad. 8,3, Nome 8,7, Notodden 4,3 og Seljord 16,8. Dei analysene som er lagt fram så langt syner store omfordelingar. Det er kommunar med folketal over 25 000 som tener på omleggingane av inntektssystemet. Endringane i dei regionalpolitiske tilskota dreg i same retning. Dei framlagde endringane vert såleis ein sterk drivar for sentralisering.

Utgiftsutjamning - kostnadsnøklar

Framlegg til nye kostnadsnøklar byggjer på faglege analyser som det er vanskeleg å overprøve.

Det vert difor lagt til grunn at dette fangar opp dei forholda som forklarar dei ufrivillige kostnadsskilnadane i kommunane knytt til levering av velferdstenester.

Rådmannen tilrår den gjeldande modellen med bruk av utdanningsnivå og barn 1 år utan kontantstøtte, framleis nyttast i kostnadsnøkkelen for barnehage. Alternativet er antal heiltidstilsette 20-44 år.

Basistilskot/regionalpolitiske tilskot

Det bør arbeidast vidare med strukturkriteriet slik at det ikke gjev utilsikta verknadar og for store omfordelingar. Ein bør vere varsam med å setje grenseverdiane for strukturkriteriet slik at det straffar kommunar som ufrivillig blir ståande aleine, fodi nabokommunane i større grad beheld basistilskottet som følgje av høgare strukturkriterium.

Kommunalt sjølvstyre og inntektsutjamning

Lokalt sjølvstyre er eit av grunnprinsippa for finansiering av kommunesektoren basert på at kommunane skal ha økonomisk sjølvstende og mogleghet til å få ein andel av lokale inntekter og verdiskaping. Dette må vegast opp mot prinsippet om at kommunane skal vere i stand til å gje likeverdige tenester til innbyggjarane sine dvs. det bør ikkje vere for store inntektsskilnader.

Vedlegg:

16.02.2016	Nytt inntektssystem - Underlag for høringsuttalelse for kommunene i BTV	295754
16.02.2016	Nytt inntektssystem - utrekningar	295761
18.02.2016	Høringsuttale frå hovestyret i KS	296391

Parter:

KMD - kommunalavdelingen